

Møtereferat

Møte:	Møte AU Midt	
Tid/Sted:	Måndag 20.01 kl 12 – kl 16.15 på Medlemsenteret, Nortura Malvik	
Tilstede:	Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Sverre Tyldum, Johan Kristian Daling, Borgny Kjølstad Grande, Jorunn Karin Kvernen (vara for Bård Tore Berntsen), Kolbjørn Frøseth, Olav Håkon Ulfnes, Silje Laugsand Pynten (sak 2) og Roy Albertsen.	
Forfall:	Bård Tore Berntsen	
Kopi til:	Vara AU, leiargruppe Medlem region Midt og Tor Olav Brandtzæg	
Referent:	Brit Kari Eidseflot Hauger	Molde, 20.01.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
2	Orientering frå Medlem region Midt Silje orienterte frå team gris, storfe og småfe, samt egg. Vidare om status for inntransportprosjektet. SAP Livdyr frå 1. juni. Lars Morten og Ragnar orienterte om at dei hadde møte med lammeringen i Leksvik i forrige veke, der nokon har levert konkurrent. Avtalt eit nytt møte etter 17. mai, saman med adm. Lars Morten orienterte om at alle dei 5 produsentane i Meldal som har varsla pause i leveransane sine er kontakta. Alle 5 skal besøkast. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kven har eigarskap til lammeringane?• Korleis er vedtektene for lammeringane?• 12 % av eggsalet i landet skjer privat.• Kostnad med feilmerking/umerka dyr: Viktig å få fram kva som skuldast produsenten.• Prising/bøter for å endre adferd må kunne nyttast.• Til kretsmøta må vi ha info plansje på inntransport om status no, mest mogeleg konkret.• Må få konsekvens for sjåfør/selskap om der er dyr på bil som er umerka.• Lurt å sende ein status om prosessen til underleverandørar. Hevda det vert køyrt mange smålass frå M&R til Malvik. Mogelegheit å få norskproduserte skap.• Kan ein endre dyr innmeldt for livdyrsal i SAP, t.d. dårleg kalv?	
1	Orientering frå styremøtet 15.01 Olav Håkon orienterte om status Otta, jobbast med ny organisering av konsernleiing, Noridane og Norilia om eksportmogelegheiter, økonomi, leveringsprestasjon utfordrande før jul og i jula, status NOVA, betra vilkår for lån, Totalmarknad, tilleggssytingane får vi ikkje henta ut i industrisal, samt kalkunløftet. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Kvifor får vi varer i retur frå kjedene?• Kvifor lagar vi ikkje reklamefilm på mattrygghet og antibiotikabruk retta mot barnefamiliar?	

- Diskuterer styret jordbruksforhandlingane og marknadsordningane?
- Konkurransenulempe på 1,5 mrd er nemnt, korleis er det framkome? Ynskjer at det også kjem fram kva ulemper Nortura har med marknadsregulatorrolla.
- Uheldig at det ikkje er info frå Nortura sentralt til AU sine møter med fylkeslaga i Bondelaga. Nortura utnyttar ikkje den påverknaden AU kan ha regionalt.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Kva kan vi lære av inntransportprosjektet?

Lars Morten ba om innspel frå AU, basert på notatet som er sendt kretsutvala.

Brit Kari orienterte om at det så langt er 4 kretsutval som har gjeve innspel.

Innspel:

- Prosessen skulle vore kome lenger, slik at iverksetjinga kunne skje raskare. Vegen til målet/planen saman Notra var utydeleg. Manglar kulepunkt om div mailar frå eigarar og transportørar. Evalueringa gjort av AU er heller ikkje nemnt. Korleis løyse dilemmaet mellom openheit og sensitiv informasjon?
- Kven tek beslutningar, kven har ansvar for den og kven skal fronte beslutningane? AU fekk ei rolle her. Kvifor var ikkje Notra meir synleg? Ha regi på kommunikasjon. Har vi gjeve eigarane reell innflytelse, eller kun informasjon?
- På kretsmøta informert eigarane, med kort tid til styret sitt vedtak i mars og info om Notra i mai.
- Må ansvarleggjere, med gjennomføringsplan og tidslinje. Info om status til eigarane no? Må synleggjere resultatet. Eigarskap til informasjonsflyten.
- Har vore sagt det har vore breid eigarinvolvering, utan protestar på kretsmøta og årsmøta. Men vore for generell info, så vert ikkje oppfatta som eigarinvolvering.
- Målet skulle vore synleggjort betre for eigarane.
- Vanskeleg å forutsjå den enorme innsatsen frå transportørane. Mykje burde vore ugjort og usagt av eigarane. God dialog og samarbeid med adm. Burde vore tydelegare på plan og ansvarfordeling mellom AU og styret. Rolleforståing, særleg for kretstillitsvalde, er ikkje enkelt men må fylgjast opp vidare. Informasjon generelt må vi ha kontroll på, og ha ein god dialog med eigarane.
- Tillitsvalde sin måte å kommunisere og henge ut ansatte på har vore utfordrande. Vert ein sannheit når ingen tek til motmæle. Er ein prosess der det er umogeleg å unngå protestar.
- Rolleforståing med ansvar for styret, AU og kretstillitsvalde.
- Rolleforståing er viktig tema på Tillitsvalgtskulen.
- Informasjon til sjåførane viktig, dei reiser rundt og sprer sin info. Kvant selskap burde tatt det med sine sjåførar.
- Kultur og organisasjonskultur med tema korleis vi snakkar om Nortura og ansatte bør følgast opp. Vert omdømmeutfordring.
- Dersom argumentasjonen for at eit selskap ikkje vart valgt hadde vore offentleg, hadde det vore lettare å akseptere. Ber om bråk når selskapa ikkje får konkurrere på pris.
- Overraska over at det ikkje er klarare føringar for innkjøp av tenester med anbod.
- Sjåførane fekk no ha informasjonsrunde med eigarane.
- Forhistoria har gjort prosessen krevjande.
- Viktig at prosessen med overgang til Notra går bra.
- Bruke medlemsdemokratiet til frankring.

Vedtak: Brit Kari tek innspela til AU inn i eit notat saman med innspela frå kretsane.

Brit Kari

4 Innspel til sentral valkomité

Olav Håkon orienterte om kven i styret som er på val.

Lars Morten vil gje innspel til styret om at AU er fornøgde med jobben som Trine og Olav Håkon gjer. Mogeleg innspel til ordførar. Sverre er i dag 4. vara til styret, og må støttast opp om som 1. vara.

Spørsmål/ innspel:

- Kva kompetanse manglar vi i styret?
- Kor trygt sit styreleiar?
- Aktuelle kandidatar som ordførar vart diskutert, som Lars Morten kontaktar

Vedtak: Lars Morten oversender innspel til valkomitèen.

Lars
Morten

5 **Førebuing av kretsmøta**

- Lokale saker og spørsmål: Kva må vi førebu oss på?
- Tlf møter med kretsleiarane i forkant?

Innspel:

- Industriutvikling lagar Lars Morten plansjar på. Positiv sak, for å løfte selskapet.
- Kommunikasjon med eigarane: Få innspel på korleis meiner dei det skal vere? Ny teknologi? Info på film?
- Pris og leveringsvilkår storfe. Kva skjer etter reduksjonen av mjølk? Handlingsrom når FrP går ut av regjering. 3 foilar om kva som er bra/som vi har lukkast med, som skaper stoltheit. Og kvifor er vi samvirkebønder.
- Info om kylling og egg.
- Be om innspel til evalueringa av inntransportprosjektet. Gjerast av den tillitsvalde, før orientering om status for prosjektet.
- Avvikle eit tlf møte med alle kretsleiarane samla.

Vedtak: Brit Kari tek innspela med i førebuingane til kretsmøta.

6 **Ny Giv i kretsarbeidet**

Kva kretsar skal vi jobbe med i 2020?
I 2019 har det vore jobba med:

- 41 Værnes + 42 Trondheim og omegn
- 43 Holtålen/Midtre-Gauldal + 44 Oppdal/Rennebu

Brit Kari føreslo at det vert jobba med kretsane Osen/Namdalseid/Flatanger og Midt.

Vedtak: AU ynskjer at det vert jobba med Ny Giv i kretsarbeidet i kretsane Osen/Namdalseid/Flatanger og Midt.

7 **Representasjon på årsmøter**

- 28. - 29. februar: Nord- og Sør-Trøndelag Bonde- og småbrukarlag årsmøte - **Sverre**
- 6. – 7. mars: Møre og Romsdal Bondelag årsmøte – **Olav Håkon**
- 7. mars: Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag årsmøte – **Olav Håkon**
- 16. mars: Trøndelag Bondelag årsmøte - **Ragnar**

Vedtak: AU vedtek representasjon i samsvar med oversikta ovanfor.

8 **Orientering frå fagutvala og ansvarsretsane**

Borgny orienterte frå fagutval storfe, der leveringsvilkår og innspel til jordbruksforhandlingane har vore diskutert. Økonomi i storfehaldet skal diskuterast på neste møte.

Kolbjørn orienterte frå fagutval egg. Innspel til jordbruksforhandlingane med fokus på frakttilskot. Fortsatt 19 produsentar med miljøegg. Nesten ikkje marknad for egg.

Sverre orienterte frå fagutval gris, som også har jobba med innspel til jordbruksforhandlingane. Ber om auke i målpris på kr 2.

Johan Kristian orienterte frå fagutval kylling, som også har jobba med innspel til jordbrukshandlingane, med vekt på auke i innfraktilskotet, prisnedskrivning på korn, klimatiltak for oppvarming som flis.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9 **Industriutvikling**
Saka gjekk ut.

10 **Dyrevelferd**
Ingrid Melkild orienterte via Skype om status for arbeidet med info materiell som ho, Tilde Sæther og Even Landrø jobbar med. Dei har hatt 3 tlf møter, diskutert tilnæringsmåtar og innhald. Opptatt av nedanfrå og opp prosess. Interaktiv prosess, med ei innleiing, og så innspel. Bruke Kahoot eller liknande for å utfordre og gje input, som vert presentert i kakediagram, før ei diskusjonsrunde i plenum. Treng innspel på nokon som driv med småfe og fjørfe til hjelp i arbeidet.

Vidare arbeid: Mogeleg klart innan utgangen av januar. Tidsramme ca 1 time. Tilde og mogeleg Even kan delta som moderator i møta, må avklarast.

Innspel/kommentarar:

- Johan Kristian Daling og Jorunn Karin Kvernen vil delta i utviklingsarbeidet.
- Køyre temaet i nokre kretsmøter, og vidare i fagmøter seinare.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

11 **Eventuelt**

- Deltaking på Grønn Forskning 10. – 11. februar: Ragnar og Johan Kristian.
- Ragnar orienterte frå Midt-Norsk Landbruksråd, som har hatt Bli Med-kurs og skal ha fleire. Jobbar med skulering på samvirke.
- Ragnar tok opp at det er skilnad mellom anlegg på klassifisering av lam. Innmeldingar vert trekt når slaktande anlegg er kjent. Ynskjer å utfordre ressursgruppe småfe på å sjå på dette. Kan vi med leigeslaktavtalen med Midt-Norge slakteri også sjonglere mellom anlegg?
- Sverre stilte spørsmål om kvifor avtaleperioden på storfe vert utnytta maksimalt?
- Info om skyving ut over avtaleperioden vert gjeve berre via SMS. Skal kontaktast. Roy fylgjer opp.

Bård Tore

Roy